

## Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell til barn og unge

- Referat frå møte i arbeidsgruppe 1, 12. februar 2019 (Skype), kl. 09.00 – 10.30

Til stade: Kristian Eiken Olsen, Inge Olav Fjalestad, Jan Rob og Jørn Haug

Forfall: Svein Hjort-Olsen

### Sak 1. Status for planlegging av aktivitet med skulene.

Oppsummering i tabell nedanfor

Skule	Kontaktperson	Opplegg	Tal elevar	Tidspunkt	Sted	Ansvar
Kvinlog skule	Jan Kristian Kvinlaug	Alt. 1		Vert gjennomført 13.2.2019	På skulen	Jørn
Kvinesdal ungdomsskule	Tina Dyrstad Fossdal	Alt. 3	9. klasser 78 elevar	17 – 18 juni	Fossbu eller ved rasteplass Håhellervatn.	Jan og Kristian
Bykle b/u - skule	Rønnaug Torvik	Alt. 3	8 – 10 kl. 30 elevar	Veke 35	Bjåen	Jørn og Svein
Bygland skule	Åslaug Haugå	Alt. 2	9. klasse. 19 elevar	Skulen ønskja 21. mai alt. 28 mai. 28. mai mest praktisk. Inge Olav avklarar med skulen	Langs Brokke - Suleskardvegen.	Inge Olav og Jan
Åseral b/u - skule	Øystein Aas	Alt. 2	8 – 9 kl. 28 elevar til saman	19. juni.	Ljosland, dagsturhytte ved Kvernevatn	Jørn og Kristian

#### Merknad:

##### Kvinesdal ungdomsskule

- Elevane er budd på å overnatte i telt. Mogleg å låne nokre telt hjå Friluftsrådet (FLIR).
- Må rigge do-fasilitetar. Kristian høyrer med Rolf Nilsen om ei praktisk ordning. Han vert og førespurt om deltaking i gjennomføringa
- Stor gruppe å handtere. Skulen må dele inn i grupper på førehand. Åtte undervisningsstasjonar der kvar gruppe rekk fire stasjonar pr. dag. Gruppene står for matlaging sjølv
- Jan tar seg av informasjon i klassane rett etter påske.
- Jørn tar seg av naudsynt avklaring i høve til verneforskrifta (større organsiert arrangement evt. også mellombels do-løysing))

##### Bykle b/u skule

- Tjørnbråtbu utgår som alternativ av omsyn til villreinjakta.
- Fjellreinskulen v/Ragnhild Bjåen interessert i å bidra i gjennomføringa. Kan vera aktuelt å høyre med Sondov også. Svein og Jørn avklarar.

### Bygland skule

- Kan rigge plass til lavvu etc. om ein ikkje legg arrangementet til husvære langs Brokke – Suleskardvegen
- Viktig å få synfart før gjennomføring, 21. mai vert i tidlegaste laget. Mindre snø veka etter. Foreslår 28. mai overfor skulen.

### Åseral b/u skule

- Vert lagt til område ved Kvernevatn/dagsturhytta. For langt inn til Pytten og med fare for at det er for mykje vind for båttransport.

### Program

Jørn lager utkast til mal slik at det vert ein raud tråd i det som går ut til skulene.

### Utstysliste

Alle tar ein kikk på utkastet sendt ut med innkallingen og melder tilbake evt. justeringer.

### Sak 2. Web-basert undervisningsopplegg for grunnskulen, utarbeiding av lærebok (feltbok)

Arbeidsgruppa ønskjer eit samarbeid med Fjellreinskulen om web-basert undervisningsopplegg.

Fleire tilhøve må avklarast før ein går vidare:

- Er det tale om støtte til eit arbeid Fjellreinskulen skal i gong med eller er det vi som bestiller eit produkt? Det første kan vera enklare i høve til offentleg innkjøp.
- Er verdiskapingsprosjektet i SVR ein av fleire finansieringskjelder i Fjellreinskulen sin søknad til programemt verdiskaping basert på naturarven?
- Viktig at form og innhald på eit undervisningsopplegg vert utforma i dialog med brukarane.
- Aktuelt med ei referansegruppa der både villreinsenteret, arbeidsgruppe 1 og skuleverket er representert.

Jørn nøstar opp i dette fram til neste møte inkl. dialog med Marianne på villreinsenteret.

### Sak 3. Opplegg på leirskulene (Gullingen og Knaben)

Reidar Sandal tar seg av opplegget på Gullingen våren 2019 (undervisningsopplegg for lærarane).

Kristian tar ei kikk på opplegget frå Ane Guro Moen og gir attendemelding til Jan om han kan bidra på Knaben.

### Sak 4. Dato for neste møte

Måndag 4. mars kl. 08.30 – 10.00

Jørn Haug  
referent